



# DEN NORSKE KYRKJA

## Haram kyrkjelege fellestråd

Haram kyrkjelege fellestråd

**Dykkar ref.:**

**Vår ref.:**

11/00014-001 011.4

**Vår sakshandsamar:**

Jostein Garcia de Presno

**Dato**

2. februar 2011

## Årsmelding 2010

Årsmeldinga for 2010 er av noko ufullstendig karakter, sidan det var skifte av kyrkjeverje mot slutten av året.

### Kyrkjeleg verksemd

I 2010 hadde vi følgjande tal for heile fellestrådsområdet: 89 døypte, 106 konfirmantar, 22 vigslar, 97 gravferder og 196 gudstenester. Det vart samla inn kr. 406 807,- i benkane totalt, og av dette gjekk kr. 119 353 til eige arbeid. I tillegg kom det inn kr. 86 950,- i gjevarteneste. Andre innsamlingar (fasteaksjonen, mm.) samla inn kr. 224 196, og i Brattvåg kyrkje samla basaren inn kr. 55 749,- til eige arbeid.

I tillegg til dei kyrkjelege handlingane er det eit stort kristeleg arbeid, både i regi av fellestrådet, og i regi av sokna. Av faste postar, både nye og gamle, kan nemnast andakter på institusjonane kvar veke, internasjonal kafé, kveldskafé, Alphakvelder i Vatne og på øyane og Livsnære grupper. Det vart arrangert julelunsj for alle tilsette (++) og medarbeidarfestar.

I fellestrådet er det og eit stort barne- og ungdomsarbeid. Av faste aktivitetar/grupper kan nemnast Omega, ungdoms-alpha, dåpsskule, søndagsskule, Familiespeiding, Aktivklubben, Kroa, bibelgrupper, julevandringar, påskevandringar, konfirmantarbeid, mm. I 2010 vart det og arrangert Ungkyrkjadag med fotballcup, Ungkyrkjaweekend, LysVaken i Hamnsund og Roadservice for konfirmantar.

### Fellestrådets samansetjing og arbeid

Haram kyrkjelege fellestråd har i 2010 vore samansett av:

Namn	Representerar
Peter Odd Bjørkhaug (leiar)	Brattvåg sokneråd
Torleiv Rogne (nestleiar)	Haram sokneråd
Ida Krøgsæter	Vatne sokneråd
Aud Marit Davik	Fjørtoft sokneråd
Frode Urke	Hamnsund sokneråd
Bjørn Sandnes (ordførar)	Haram kommune
Michael Hoffmann (sokneprest)	Prestane

Kyrkjeverje Hege Steinsland gjekk ut i 2 års permisjon 15. oktober. Jostein Garcia de Presno er vikar og er for tida fellestrådets sekretær og sakshandsamar. Fellestrådet hadde i alt 7 møter og handsama 24 saker i løpet av året.

**Administrasjonsutvalet** var samansett av

Peter Odd Bjørkhaug (leiar)  
Torleiv Rogne  
Ida Krogsæter  
Linda Slyngstad (tilsettes representantar)  
Astrid Øygard (tilsettes representantar)

Administrasjonsutvalet hadde 3 møter og handsama 3 saker.

## Tilsette

Fellesrådet var ved slutten av året arbeidsgjevar for 15 personar i faste, løna stillingar. Desse utgjer til saman 8,44 årsverk. I tillegg kjem tilsette på timelistebasis (nokre reinhaldarar, klokkarar og kyrkjetenarar), klippehjelp, organistvikarar, frivillige, mm. Dei faste stillingane er slik fordelt:

<b>Kyrkjeleg administrasjon</b>	<b>150%</b>
1 Kyrkjeverje	100
1 Asst. Kyrkjeverje	50
<b>Kyrkjer</b>	<b>426,4%</b>
1 Kateket	80
2 Diakonar	70
2 Organistar	150
3 Reinhaldarar	50,7
3 Kyrkjetenarar	75,7
<b>Gravstad</b>	<b>117,6%</b>
1 Gravar	100
1 Kyrkjegardsarbeidar	17,6
<b>Trusopplæring</b>	<b>150%</b>
1 Kyrkjelydspedagog	100
1 Trusopplæringsmedarbeidar	50
<b>Fellesrådet totalt</b>	<b>844%</b>

### Noter:

- Den eine organisten er og tilsett som trusopplæringsmedarbeidar, og har til saman ein heil stilling.
- Fellesrådet er avhengig av organistvikarar til å dekkje spelebehovet, sidan det ofte er fleire enn to gudstenester på same tida.
- Kyrkjetenarane og reinhaldarane på øyane er på timelistebasis, og er ikkje med i denne oversikta.

### Permisjonar og nye tilsettingar i 2010

- Assisterande kyrkjeverje Geir P. Aure fekk permisjon i eitt år frå 15. april 2010. Reidun Sæter vart tilsett i hennar stad frå 1. juni.
- Kyrkjeverje Hege Steinsland fekk 2 års permisjon frå 15. oktober 2010. Jostein Garcia de Presno vart tilsett i hennar stad frå same dato.
- Michael Wagner fekk foreldrepermisjon og permisjon utan løn frå 15. november 2010 til 30. april 2011
- Rita Kvinge er tilsett som diakonimedarbeidar i 50% stilling, men jobba i 2010 i 40%.

# Økonomi

Resultatrekneskapen ser slik ut:

Namn	Rekn 2010	Bud 2010	Rekn 2009
<b>Inntekter</b>			
Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter	128 900	80 000	111 877
Sal av driftsmidler/fast eieendom	766		-
Refusjonar/overføringer	530 019	240 000	741 857
Kalk. Komm. Tenesteyting	244 800		230 800
Statlege tilskot	684 200	734 000	1 030 285
Rammeoverføring frå kommuna	4 940 000	4 835 000	5 040 000
Tilskot frå fellesråd/sokneråd	-		-
Andre tilskot, gáver, innsamla midlar	-		-
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>6 528 685</b>	<b>5 889 000</b>	<b>7 154 819</b>
<b>Utgifter</b>			
Løn og sosiale utgifter	4 300 513	4 672 000	3 587 109
Kjøp av varer og tenester	1 381 454	1 498 000	1 343 131
Utstyr og vedlikehald	523 225		1 267 830
Refusjonar/overføringer	15 000	13 000	21 398
Kalk. Komm. Tenesteyting	244 800		230 800
Tilskot og gáver	292 168	140 000	436 669
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>6 757 161</b>	<b>6 323 000</b>	<b>6 886 937</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-228 476</b>	<b>-434 000</b>	<b>267 882</b>
<b>Finansinntekter/-utgifter</b>			
Renteinntekter og utbytte	22 379		19 757
Mottatte avdrag på utlån	-		-
Renteutgifter og lånekostnader	-		-
Avdrag på lån	-		-
Utlån, kjøp av aksjer, andeler, osv	-		-
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>22 379</b>		<b>19 757</b>
Avskrivningar	627 554		589 706
Motpost avskrivningar	627 554		589 706
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-206 097</b>	<b>-434 000</b>	<b>287 639</b>
<b>Bruk av avsetjingar</b>			
Bruk av overskot frå tidl. År	212 063		497 486
Bruk av disposisjonsfond (overskot)	-		-
Bruk av bundne fond	362 593	434 000	-
Bruk av likviditetsreserve	-		-
<b>Sum bruk av avsetjingar</b>	<b>574 656</b>	<b>434 000</b>	<b>497 486</b>
Avsatt til underskot frå tidl. År	-		-
Avsatt til disposisjonsfond	-		97 486
Avsatt til bundne fond	92 063		415 367
Avsatt til styrking av likviditetsreserven	-		-
Overført til investeringsbudsjettet	19 115		60 209
<b>Sum avsetjingar</b>	<b>111 179</b>		<b>573 062</b>
<b>MINDREFORBRUK/ (MEIRFORBRUK)</b>	<b>257 380</b>	<b>-</b>	<b>212 063</b>

Nokre nøkkeltal frå driftsrekneskapen 2010, som visar fordeling av utslagsjevande utgifter på ansvar og art:

Ansvar/Art	Tekst	Reelt 2010	% av total	Bud. 2010	Over/under	Over/under
<b>1010</b>	<b>Kyrkjeleg administrasjon</b>	<b>1 298 391</b>	<b>21 %</b>	<b>1 300 000</b>	<b>0 %</b>	<b>-1 609</b>
30	Løn og sosiale utgifter	751 575	12 %	845 000	-11 %	-93 425
31	Varer/tenester	478 794	8 %	408 000	17 %	70 794
32	Utstyr/vedlikehald	53 022	1 %	34 000	56 %	19 022
33	Tenester som erstattar eigen prod.	15 000	0 %	13 000	15 %	2 000
<b>2010</b>	<b>Kyrkjer</b>	<b>3 170 148</b>	<b>51 %</b>	<b>3 080 000</b>	<b>3 %</b>	<b>90 148</b>
30	Løn og sosiale utgifter	2 187 196	35 %	2 504 000	-13 %	-316 804
31	Varer/tenester	651 364	10 %	561 000	16 %	90 364
32	Utstyr/vedlikehald	331 588	5 %	15 000	2111 %	316 588
<b>3010</b>	<b>Gravstad</b>	<b>836 461</b>	<b>13 %</b>	<b>835 000</b>	<b>0 %</b>	<b>1 461</b>
30	Løn og sosiale utgifter	652 342	10 %	606 000	8 %	46 342
31	Varer/tenester	109 648	2 %	119 000	-8 %	-9 352
32	Utstyr/vedlikehald	74 471	1 %	110 000	-32 %	-35 529
<b>4010</b>	<b>Andre kyrkjelege føremål (trusopplæring)</b>	<b>915 193</b>	<b>15 %</b>	<b>968 000</b>	<b>-5 %</b>	<b>-52 807</b>
30	Løn og sosiale utgifter	709 400	11 %	717 000	-1 %	-7 600
31	Varer/tenester	141 649	2 %	251 000	-44 %	-109 351
32	Utstyr/vedlikehald	64 144	1 %			64 144
	<b>SUM UTGIFTER</b>	<b>6 220 193</b>	<b>100 %</b>	<b>6 183 000</b>	<b>1 %</b>	<b>37 193</b>

#### Verdt å merke seg ved rekneskapen for 2010:

- Resultatet visar eit overskot på kr. 257 380,-.
- Dei samla inntektene har gått ned med ca. kr. 600 000,- høve 2009. Dette skuldast i hovudsak dels lågare overføring frå kommunen på kr. 100 000,- (det kom eit ekstra tilskot i 2009, på toppen av rammeløyvinga), og dels lågare stønad til trusopplæring, på ca. kr. 300 000 (overgang frå prosjekt til fast stønad).
- Utgiftene har halde seg relativt stabile høve 2009, men gått ned med ca. kr. 130 000,-. Dette på tross av ei kraftig auke i lønsutgifter på ca. kr. 700 000,-. Dette skuldast i hovudsak at det vart brukt mykje mindre på vedlikehald av kyrkjer i 2010 enn i 2009.
- For kyrkjene sin del, vart det eit overforbruk på ca. kr. 100 000,- høve budsjett på energi/oppvarming.
- Inntektene frå festeavgifter ligg over budsjett.
- Utgifter til vedlikehald av kyrkjer ligg ca. kr. 200 000,- over revidert budsjett (120 000,- av overskotet frå 2009 vart lagt til vedlikehaldsbudsjettet for 2010).
- Medan Kyrkjer stod for 57% av utgiftene i 2009, står dei for berre 51% i 2010. Dette skuldast i hovudsak redusert vedlikehald.
- Medan Trusopplæring stod for 7% av utgiftene i 2009, står dei for 15% av utgiftene i 2010. Dette skuldast i hovudsak at Michael Wagner vart tilsett i 50% stilling i trusopplæring

#### Kyrkjebygg

Det var ingen store vedlikehaldsprosjekt på kyrkjene i 2010, berre løpande utgifter. Dei totale utgiftene på kr. 331 588,- (utan mva.) inkluderer kr. 120 000,- til Rom-for-Rom avtalen. Avtalen er diverre per 31.12.2010 sagt opp av Rom for Rom, av di dei legg ned drifta si.

Større førebels ufinansierte vedlikehaldsbehov i 2011 er innvendig renovering av Hamnsund kyrkje, installasjon av automatisk ringesystem i Hildre kyrkje, opparbeiding av betre parkeringstilhøve for Hildre kyrkje, og omlegging av varmesystem i Brattvåg, Vatne og Haram kyrkjer.

Utbetring av avvik etter el-kontrollen i 2010 er alt undervegs. Det same gjeld tetting av vindauger på Vatne kyrkje.

## Gravstad

Etter utvidinga av gravstaden i Brattvåg, vart ubrukne midlar avsett til renovering av gravstaden ved Hamnsund kyrkje. Prosjekteringa byrja i 2010, og ved slutten av året hadde det vore gitt beskjed til festarar om det planlagde renoveringsprosjektet. Kommunestyra vedtok i desember 2010 å sette av ytterligere kr. 1 500 000 til den planlagde renoveringa av Hamnsund gravstad.

Delar av ubrukne midlar frå utvidinga av gravstaden i Brattvåg vart og avsette til bygging av ei driftsbygning. Fellesrådet fatta vedtak om å byggje eige driftsbygning i Brattvåg til oppbevaring av teknisk utstyr. Prosjekteringa vart byrja i 2010, men stoppa opp i november/desember i påvente av byggeløyve frå kommunen.

Ein prosess med jordskifte i nærleiken av gravstaden på Lepsøya førte til at grensene for gravstaden vart klart definerte, då det frå før var uklart akkurat kor grensene gjekk.

Av nye prosjekt er det planlagt utviding av gravstaden på Longva.

For Haram kyrkjelege fellesråd

Jostein Garcia de Presno  
Kyrkjevevte

Peter Odd Bjørkhaug  
Fellesrådsleiar